



# HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for juni 2022.

Distrikt 2305  
Klubbnr. RK  
12713

Årgang  
57



---

Møtedag:	Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad:	Klubbhuset til Hareid IL, 6060 Hareid.
President:	Anne Gry Eilertsen
Visepres:	Idar Flø
Sekretær:	Vegard Gjerde
Kasserar:	Hanne Rognan
Past pres:	Oskar Grimstad
Styremedlem:	Ove Midtflø
Styremedlem:	Bernhard Harkjerr
Ansv.red.:	Hans Gisle Holstad
Referent:	Hans Gisle Holstad

---

---

## Sommeren i år.

*Kan du kjøpe neste sommer  
For å se om du er til?  
Kan du sveve langsmed åsen  
Og fly dit hvor du vil?*

*Det er kanskje ikke det samme  
Å fly landsmed åsen  
Som å bruke penger for å få den  
Med pengene til åsen*

*Som er til*

*Det passer ikke pengene  
Å kjøpe neste sommer  
Og neste sommer finnes ikke  
For det er jo nå det er*

*Penger kjøper ingen sommer  
Det er ingen fler i år!  
Og den kommer ei tilbake  
Før sommeren neste år*

*Nå er det vår!*

*Hermann Gunnarsjaa*

---

## Referat frå Rotarymøte 6. juni 2022.

Møtet avlyst på 2. Pinsedag

## Referat frå Rotarymøte 13. juni 2022.

Rotarymøte i skiftande sommarver. Dørene opna som vanleg ein halv time før møtet der medlemmar nytta halvtimen til sosialt samrøre før møtet tok til.

Møtet denne gongen var programfritt, men med innleiande song og orientering.

## Referat frå Rotarymøte 20. juni 2022.

Denne mandagen var det tillyst bedriftsbesøk i det halvferdige Vikingehuset på Leira i Hjørungavåg. Styreleiaren i Hjørungavåg Vikingepark; Ronny Nipen, og Gunnar Hjørungnes møtte oss der til grundige og interessante orienteringar om bakgrunnen med huset. Opphaldsver og godt frammøte av medlemmar.

Tida var no inne for eit besøk i Langhuset, som hadde teke til å ruve inne i Vågen. Langhuset er 26 meter langt og 9 meter breidt, med 7 meter opp, fekk vi opplyst. Det var i 2018 nokre hjørungavågarar samlast for å drøfte om det mogeleg å få reist eit vikinghus på Leira, sidan hareid kommune sine tidlegare planar om eit langhus på Overåsanden ikkje vart realisert.

Langhuset som no reiser seg på Leira står på utfylt kommunal grunn, garantert utan geologiske funn som kunne setje stoppar i hjulet for utbygging.

Det er inngått ei 30 års leigeavtale med kommunen, og prosjektet har via tilråding frå kommunen fått 1,360 millionar kroner i tippemidlar. Bygget er kalkulert til 4,6 millionar med ei finansiering; tippemidlar, sponsormidlar og dugnadsarbeid.

I tillegg til Nipen sin fagkunnskap, har Gunnar Hjørungnes ein makelaus fagkunnskap innan gamle byggeskikkar og renovering som kjem godt med.

Målsetjinga med prosjektet er at det kan bli eit formidlings-senter med vikingepark.

Det er også ei målsetjing at huset kan takast i bruk hausten 2023.

Under møtet vart det servert kaffi med kjeks attåt.

Til slutt i møtet takka president Anne Gry Eilertsen for god orientering.



## Referat frå Rotarymøte 27. juni 2022.

Slutten av juni er tida for presidentskifte. Også slik i år. Festnemda hadde også i år bede medlemmene inn til møte med presidentskifte i Pakkhuset i Brandal.

Dette møtet er også regna som ei sommaravslutning. For klubben med god mat reker og spekemat.

Anne Gry Eilertsen takka på møtet av som president for 2021/22 og påtroppande president for 2022/23 Idar Flø stod spenna klar for å take over.

Anne Gry har på ein framifrå måte leia klubben gjennom eit år med pandemiutfordringar, noko ho har takla godt, og ho vart takka for det.

